

TEIKNEFORKLARING

--- Planens begrensning

— Formålsgrænse

Reguleringsformål

//// 510 - Høyspenningsanlegg

Reguleringsbestemmelser formål

LANDBRUKSOMRÅDER (PBL § 25, 1. ledd nr. 2)

■ Område for jord- og skogbruk

FAREOMRÅDER (PBL § 25, 1. ledd nr. 5)

//// Høyspenningsanlegg

SPESIALOMRÅDER (PBL § 25, 1. ledd nr. 6)

■ Privat vei

■ Område for steinbrudd og masseuttak

KOMBINERTE FORMÅL

■ Kontor / Industri

■ Riggområdet

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1.

Reguleringsføresegnerne gjeld for område som på plankartet er vist med reguleringsgrænse, heile det regulerede område, bortsett frå private vegar, går tilbake til skogbruk når uttak av masser er avslutta. Planen gjeld i 10 år frå vedtaksdato.

Drift av steinbrotet skal følgje driftsplan godkjent av Bergvesenet etter dei krav som vert stilt. Driftsplanen skal ajourførast kvart 5. år, eller etter avtale med Bergvesenet. Bergvesenet kan til ei kvar tid føre tilsyn med drifta

§ 2. Området regulert til følgjande formål:

- Landbruksområde: Jord- og skogbruk
- Fareområdet: Høgspenninglinje
- Spesialområdet: Steinbrot, privat veg
- Kombinera føremål: Riggområdet (kontor/lagring mm)

§ 3. Landbruksområde:

Område som er regulert til steintipp skal etter ferdig uttak setjast i stand slik at skog kan etablerast på nytt ved planting og ved naturleg frøformering av stadeigen vegetasjon.

§ 4. Fareområde:

Det går ei høgspenningline frå Lio over delar av området. Faresona er regulert inn i plankartet med 30 m på kvar side.

§ 5. Spesialområde:

Steinbrot:

I dette området kan det brytast stein og takast ut masser, samt setjast i verk lagring og tilverking av produkt med grunnlag i desse materiala.

Produksjonen av skifer kjem til å gjennomførast ved hjelp av sprenging og trykkluft. Produksjonen skal gå føre seg på ein slik måte at grunnen ikkje vert forureina. Jamfør forureiningslova.

Det kan førast opp bygningar og innretningar som er nødvendig for drifta i område. Det skal søkjast om byggeløyve på vanleg måte for desse.

I steinbrotet kan det brytast innanfor regulera området. Det er planlagt å bryte trappevis sidan terrenget har stor stigning. Det er sett følgjande krav på drift og uttak:

a) Årleg uttak begrensar seg til 5 000 m³. Samla uttak i planperioden skal ikkje overstige 50 000 m³.

b) Det skal ikkje køyrast ut stein/massar i teleløysinga. Ein skal i størst mogeleg grad nytte utkøyring mot E134.

Skrot- og avdekningsmasser skal plasserast innafør det regulerede området avsett for steinbrot.

Ved avslutning av drift skal det skal påførast vekstmasser og plantast skog. Desse tiltaka skal vere avslutta for heile området eit år etter endeleg avslutta drift. Formålet "Spesialområde steinbrot" skal da endrast til "Landbruksområde, skogbruk."

Det skal setjast opp varselskilt langs området avgrensning. Der brotet er ein fare for allmenn ferdsel skal det setjast opp flettverksgjerde.

§ 6. Støv og støy:

Arbeidstida i området skal tilpassast reglar frå SFT som i hovudsak seier at drift på slike stader skal skje på verkedagar mellom kl.06.00 - 22.00. Støy i omkringliggjande område frå verksemda i steinbrotet skal ikkje overskride grenser fastsett av forureiningsmyndigheitane. Støyskapande verksemd skal ikkje gå føre seg på helgedagar.

§ 7 Dispensasjon

Søknad om dispesasjon frå planen vert handsama av det faste utvalet for plansaker i kommunen.

N
1:2 000

